



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Revidert nasjonalbudsjett 2022 og kommuneopplegget for 2023

Statsforvaltaren gir i dette brevet eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonal-budsjett 2022 og kommuneopplegget for 2023, jf. prop. 110 S.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og distriksdepartementet (KDD). Tala i brevet er for primær-kommunane, ikkje for kommuneforvaltninga samla med fylkeskommunane.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2022

Pris og kostnadsvekst

Den pårekna pris- og kostnadsveksten for i år er justert opp. Kostnadsdeflatoren er auka frå 2,5 prosent i statsbudsjettet til 3,7 prosent i revidert nasjonalbudsjett (NB):

	statsbudsjettet	revidert NB
- Lønsvekst	3,2 prosent	3,7 prosent
- Prisvekst varer og tenester	1,6 prosent	3,7 prosent
- Samla prisvekst	2,5 prosent	3,7 prosent

Skatteinntekter

I revidert nasjonalbudsjett er pårekna skatt på inntekt og formue i år for kommunane justert opp med om lag kr 17,4 mrd. samanlikna med vedteke statsbudsjett for 2022. Pårekna skatteauke i prosent for kommunane i år, samanlikna med innkomen skatt i 2021, er med dette 6 $\frac{3}{4}$ prosent. Auken i pårekna skatt i år skuldast delvis oppjustering av løns- og sysselsetjingsvekst og delvis auka utbytte til personlege skattytarar i 2021. Det er rekna at sistnemnde, knytt til utbytte, utgjer kr 11,4 mrd. for kommunane i år av oppjusteringa av skatteinntektene på til saman kr 17,4 mrd.

Endring i utbytteskatt frå 1. januar 2022 har ført til at personlege skattytarar har teke ut vesentleg meir utbytte enn normalt i 2021. Skatt på utbytte blir ofte betalt i samband med skatteoppgjeret året etter. Det er lagt til grunn at dette bidreg til kr 11,4 mrd. av den pårekna skatteveksten for kommunane i 2022. Denne delen av skatteveksten i år er difor ekstraordinær og vil ikkje bli vidareført i 2023.

I kommuneproposisjonen, tabell 2.1 s. 15, er skattetal for 2021 korrigert for ekstraordinær skatt for at inntektsnivået i 2021 skal kunne bli samanlikna med 2022. Skattevekst frå 2021 til 2022, korrigert for ekstraordinær skatt, er i tabellen rekna til 1,1 prosent.



Regjeringa gjer framlegg om at ein del av dei ekstraordinære inntektene frå utbytteskatt skal gå til staten i staden for kommunane. Det blir difor gjort framlegg om eit samla trekk i kommunane sitt rammetilskot på kr 9,1 mrd. i år. Dette inneber at kommunane får behalde kr 2,3 mrd. av den ekstra-ordinære skatteveksten frå utbytte (kr 11,4 mrd. – kr 9,1 mrd.).

Det er relativt store skilnader mellom kommunane med omsyn til kor stor del utbytteskatten utgjer av skattegrunnlaget. Den ekstraordinære skatteveksten i år er difor fordelt ulikt mellom kommunane. For å redusere fordelingsverknadene, gjer regjeringa framlegg om at trekket på kr 9,1 mrd. i innbyggjartilskotet blir ein kombinasjon av to delar for kvar kommune. 25 prosent av trekket blir fordelt mellom kommunane som eit likt trekk per innbyggjar. 75 prosent av trekket blir fordelt mellom kommunane på grunnlag av pårekna fordeling av meirinntekt frå utbytteskatt i 2022. Det blir teke omsyn til inntektsutjamninga.

Det er lagt opp til trekk på rammetilskotet over dei fire siste terminutbetalingane for rammetilskot i år.

Koronapandemien

Arbeidsgruppa som ser på kommunesektoren sine kostnader i samband med pandemien, har levert rapport. Det er konkludert med at kommunesektoren samla er kompensert utover dei berekna økonomiske verknadene av pandemien i 2020 og 2021, når vi ser dei to åra under eitt.

Arbeidsgruppa skal levere ein siste rapport innan 1. september d.å. Denne vil omhandle første halvår 2022. Regjeringa vil på denne bakgrunn vurdere kompensasjonen for i år i samband med nysalderinga av 2022-budsjettet. Behovet for kompensasjon for første halvår 2022 vil m.a.o. bli vurdert på bakgrunn av arbeidsgruppa sin sluttrapport.

For 2022 er det til no løyvd om lag kr 550 mill. til kommunane på rammetilskotet for utgifter til vaksinasjon.

I regjeringa si beredskapsplan for pandemihandteringa, er det lagt vekt på at testing, isolering, smittesporing og karantene (TISK) raskt må kunne bli reetablert. TISK har vore viktig for å kontrollere smittespreiing og handtere pandemien. For å kompensere kommunane sine utgifter knytte til denne beredskapen i andre halvår 2022, er det framlegg om ei løyving på kr 200 mill. på innbyggjartilskotet i rammetilskotet.

Kommuneopplegget for 2023 - generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 1,2 mrd. og kr 1,5 mrd. frå 2022 til 2023. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Den ekstraordinære og mellombelse skatteveksten i år knytt til utbytte er ikkje med i 2022-grunnlaget for inntektsvekst frå 2022 til 2023. Kompensasjon for andre mellombelse tiltak som koronatiltak er også korrigert ut av berekningsgrunnlaget for pårekna inntektsvekst.

Dette inneber at det er den delen av oppjusteringa av pårekna skatt i revidert nasjonalbudsjett som er knytt til løns- og sysselsetjingsvekst som blir vidareført i grunnlaget for 2023-skatten, ikkje ekstra-ordinær utbytteskatt som er mellombels for 2022.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2022 til 2023 vil difor kome som eit tillegg i inntektene. Prisindekoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet kjem også som eit tillegg til realauken i dei frie inntektene.

Veksten i dei frie inntektene må finansiere auka demografikostnader, t.d. auken i dei eldre aldersgruppene. Den delen av veksten i kommunesektoren sine demografikostnader knytt til tenester som må bli finansierte av dei frie inntektene, er førebels rekna til knapt kr 0,9 mrd. for kommunane.



Det kommunale skatteøyret for 2023 vil bli fastsett i statsbudsjettet for 2023. Det blir lagt opp til å fastsette skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Pensjonskostnader 2023

Departementet har lagt til grunn nullvekst i kommunesektoren sine samla pensjonskostnader utover pårekna lønsvekst i 2023. Det er stor uvisse knytt til overslaget.

Det er i overslaget teke omsyn til endra reguleringsmetode for pensjonar under utbetaling i 2022. Reduksjon i kravet til premiereserve pensjon gjer at det er frigjort reservar, som er overført til kommunane sine premiefond. Det er lagt til grunn i overslaget for pensjonskostnader at kommunesektoren fordeler bruken av frigjorde reservar over ein perioden på sju år. Dette vart varsla i kommuneproposisjonen for 2022.

Barnevernsreforma

Barnevernsreforma trådde i kraft 1. januar 2022. Reforma gir kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Kommunane har som ein del av reforma fått auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar og skal betale auka eigendelar for tiltak gitt av Bufetat. Kommunane får eit meir heilskapleg ansvar for oppfølging av fosterheimar.

Det blir i 2022 overført kr 1,31 mrd. til kommunane som kompensasjon gjennom auke i ramme-tilskotet. Kompensasjonen over rammetilskotet vil over tid bli fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern og vil kunne avvike noko frå dei faktiske utgiftene for den einskilde kommunen. For å dempe overgangen for kommunar som har høge utgifter, vil halvparten av kompensasjonen bli fordelt særskilt i perioden 2022-2024 basert på tidlegare faktisk bruk av tiltak.

Det samla årlege kompensasjonsbeløpet vil bli noko høgare frå og med 2023 enn i 2022. Det skuldast etterslep knytt til det kommunane faktisk betaler i eigendelar den første tida etter at reforma trådde i kraft 1. januar 2022.

Ressurskrevjande tenester - styrking av tilleggskompensasjonen

Nokon mindre kommunar som har særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenester, får ein særskilt kompensasjon. Kompensasjonen kjem i tillegg til det ordinære toppfinansieringstilskotet for ressurskrevjande tenester. Det er følgjande kriterium for at kommunar skal vere kvalifiserte for tilskotet:

- ha mindre enn 3200 innbyggjarar
- ha høge utgifter til ressurskrevjande tenester per innbyggjar
- ha gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet

Det blir t.d. ikkje teke omsyn til eigedomsskatteinntekter eller andre kraftinntekter.

Ramma for tilskotet er kr 55 mill. i 2022. Kommunane er i 2022 kompenserte med 80 prosent av netto utgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar.

Det er for 2023 framlegg om å auke ramma for tilleggskompensasjonen med kr 25 mill. til kr 80 mill. (2022-kroner). Auken i tilskotsramma blir finansiert av eit like stort trekk per innbyggjar på innbyggjartilskotet, som del av rammetilskotet til kommunane.

Skjønstilskot

Basisramma for skjønstilskot blir fordelt mellom kommunane av statsforvaltarane. Ramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet var uendra frå 2021 til 2022, det vil seie kr 850 mill. kvart år. Vestland si ramme var også uendra frå 2021 til 2022, kr 145,0 mill. kvart år.



Basisramma i 2023 for skjønstilskot blir redusert med kr 50 mill. til kr 800 mill. Reduksjonen i basisramma blir overført med kr 40 mill. til innbyggjartilskotet i rammetilskotet, med eit like stort beløp per innbyggjar, og med kr 10 mill. til departementet si ramme for prosjektskjønn.

Det kan for 2023 bli endring i fordelinga av ramma mellom statsforvaltarane.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Ukraina

Det er for 2022 vedteke som tilleggsløyving å auke skjønstilskotet med kr 170 mill. til fordeling mellom vertskommunar som har vesentlege utgifter i samband med mottak og busetjing av ukrainske flyktningar. Det må vere utgifter som ikkje blir dekte av det ordinære vertskommune-tilskotet. Departementet vil utarbeide eit brev til statsforvaltarane med nærare retningsliner for fordelinga av tilskotet mellom kommunar. Det vil bli lagt opp til at kommunar sender søknad til statsforvaltarane til hausten.

Inntektssystemet

I mai 2020 vart det sett ned eit offentleg utval som skal gjere ei heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane og i ein NOU kome med framlegg til utforming av systemet. Utvalet skal levere si utgreiing til departementet innan 26. august d.å. Framlegget vil kome på høyring hausten 2022.

Regjeringa tek sikte på å kome med framlegg til nytt inntektssystem for kommunane i kommune-proposisjonen våren 2023, med verknader frå 2024.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004) hjå Statsforvaltaren.

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Kvam herad	Grovagelet 16	5600	NORHEIMSUND
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID